

Turar frå Blikra i Blikrabygda:

- | | |
|------------------------------|----------------------------|
| 1. Brennesteg (520 m.o.h.) | 4. Stemvatnet (500 m.o.h.) |
| 2. Åksla (693 m. o. h.) | 5. Døldaren (739 m.o.h.) |
| 3. Vardafjellet (661 m.o.h.) | |

Kjør 2 km på E-134 frå Knapphus mot Ølen - ta av til høgre ved vegkryss med skilt til Blikrabygda. Følg denne vegen 3,8 km og ta av ved fyrste veg til venstre like etter brua nedanfor bedehuset i Blikrabygda. Kjør 300 m til eit postkassestativ på venstre sida med TURSTI-skilt på. Følg pila og kjør gjennom fyrste gardstun opp til neste gard - her finn du ein god parkeringsplass like ovanfor låven til Torunn Blikra
Her står info.tavle med opplysningar om dei ulike turane + namneskilt for turane – her er felles utgangspunkt til fleire fine turar. Traktorvegen herifrå går 2,5 km oppover lia i fin blandingsskog heilt opp til Buskard (500 m o. h.)

Start: På traktorveg hos Torunn Blikra i Blikrabygda.

Parkeringsplass: Ja – god p-plass like ovanfor låven til Torunn Blikra.

1. Tur til Brennesteg (520 m o. h.)

Avstand: 2,7 km opp til varden.

Tidsbruk: Om lag 1t 15 min. å gå opp til varden .

Vanskegrad: Blå/raud tur – familietur med bratt skogsveg.

Terreng: God traktorveg - 2,5 km - til Buskard gjennom bratte liar. Frå Buskard tar du til høgre på godt merka sti - det er lett å gå på bort til varden.

Opplysningar: God traktorveg som slynger seg 2,5 km opp gjennom granskog og bjørkeliar til **Buskard (490 m.o.h.)** der traktorvegen sluttar.

Halvvegs oppover på traktorvegen ser du vassinntaket i elva til småkraftverket som er bygd ved elva nede hos Åsmund Kalstveit på Svantesvoll - dette leverer all straum til 2 gardsbruk – Svantesvoll og Blikra - overskotet blir seld.

Nedanfor inntaket til vassverket kan du også sjå små jettegryter i elva.

Sjå skilt til desse.

Følg traktorvegen vidare omlag 150 m oppforbi vassverkinntaket – då kjem du til til skiltet ”KVILESTEINEN” - her må du ta ein pause og sju utover bygda og ta deg innatt etter tunge bakkar oppover. Folk frå Blikra som skulle til fjells, måtte alltid kvila her før dei gjekk vidare. Den gongen var det bratt og kronglete sti oppover liane. Her på steinen måtte dei gjerne ta ein matbit før turen gjekk vidare oppover enda fleire bratte kneikar. Flott utsikt over bygda frå Kvilesteinen.

Oppe ved **Buskard (ca. 500 m o. h.)** står det namneskilt til andre fine turar i fjellet.

På Brennesteg finn du turkasse til speiderane med bok i – skriv deg inn i denne og bli med på Nutafantkonkurransen.

Dersom du vil, kan du gå frå Brennesteg sørover til Frierane på godt merka sti og vidare ned til Vestvolle eller til Gjerdesdalen.

Fottøy: Gode sko er å anbefala.

God tur.

2. Tur til Åksla (693 m o. h.)

Avstand: 6,5 km å gå frå Blikra.

Tidsbruk: Om lag 2 t å gå opp til varden frå Blikra.

Vanskegrad: Blå/raud tur – lang og noko krevande familietur.

Terreng: 2,5 km lang og bratt traktorveg opp til Buskard (490 m .o. h.). **Sjå info om turen til**

Brennesteg. Frå Buskard er det lett terreng å gå innover, men ein del myrlendt nokre stader. **Du kan gå via Vardafjellet** - litt bratt opp til varden på Vardafjellet, men herifrå er det let å gå ned til **Durmålskar** og vidare på stien opp til sjølve Åksla. Følg merkepinnar.

Siste biten opp til toppen av Åksla er noko bratt, men fast og god å gå på.

Opplysningar: Om den 2,5 km lange traktorvegen opp til Buskard - **sjå info om turen til**

Brennesteg. Oppe på Buskard ser du skilt til Åksla + andre turar. Følg skilt og merkepinnar innover. Når du kryssar bekken som kjem frå Stemvatnet, kan du ta ein pause ved den store **Himmelrikshidleren**. Her har både dyr og folk søkt ly for ver og vind mange gonger. Nå er du på ”høgfjellet” inne i fredeleg fjellnatur.

Lenger opp kjem du til eit ”vegskilje” med skilt til **Stemvatnet**.

Her kan du velja om du vil **gå til Åksla via Vardafjellet eller via Stemvatnet**.

Tek du turen til Stemvatnet, er dette ein fin avstikkar. Stemvatnet er drikkevasskjelde for mange i Blikrabygda. Samtidig er det vassforsyning til småkraftverket på Blikra/Svantesvoll. Stien frå Stemvatnet til Åksla går i nordleg retning – du ser faktisk varden på Åksla herifrå. Om du vil, kan du også gå via Vardafjellet herifrå og så til Åksla. Då får du to fine fjelltoppar med deg.

På Åksla står ein flott varde – ein tusenårsvarde/millenniumsvarde. Varden vart laga av 18 ivrige personar 17. okt. 1999.

Det var meininga at det skulle brenna eit bål på varden nyttårsafta 1999/2000, men p.g.a. dårleg ver med regn og skodde, vart dette avlyst.

Dersom du vil, kan **du gå nedatt til Aurdal ved Durmålskard**. Her står det skilt. Stien ned er merka og rydda. Fyrste del av stien nedover er nokså bratt.

Fottøy: Fjellsko.

God tur.

3. Tur til Vardafjellet (661 m o. h.)

Avstand: 5,4 km. opp til varden

Tidsbruk: Om lag 1,5 – 2 t å gå opp til varden.

Vanskegrad: Blå/raud tur – noko krevande familietur.

Terreng: 2,5 km lang og bratt traktorveg opp til Buskard (490 m o.h.) **Sjå info. om turen til**

Brennesteg. Frå Buskard er det lett terreng å gå i – nokre myrlendte parti. Den siste biten opp til toppen er noko meir krevande.

Opplysningar: Om sjølve traktorvegen opp til Buskard - **sjå info om turen til Brennesteg.**

Oppe ved Buskard der traktorvegen endar, er det godt skilta, merka og rydda sti heilt opp til toppen av Vardafjellet. Du er nå på ”høgfjellet” og har det fritt og fint - låg vegetasjon dominerer. Sjå og høyr etter dyre- og fuglelivet.

Når du kjem til bekken som kjem frå Stemvatnet, kan du ta ein liten pause ved ein stor hidler - **Himmelrikshidleren**. Under denne hidleren her har både folk og dyr søkt ly for ver og vind.

Litt lenger oppe ser du skilt til **Stemvatnet** – dette vatnet er drikkevasskjelda for mange i Blikrabygda. Vatnet frå Stemvatnet blir også brukt i småkraftverket på Blikra/Svantesvoll – **Blikraåna kraftverk**.

Dersom du tek turen inn til Stemvatnet for å ta ein pause, kan du herifrå gå vidare opp til Vardafjellet, men stien opp herifrå er ikkje merka, men det er

likevel lett å finna fram når du veit retningen opp til varden.

Oppe på **Vardafjellet** finn du ein fin varde som vart restaurert av speiderane for ein del år sidan. Her finn du også ein turkasse til speiderane med bok i. Skriv deg inn her og bli med på **Nutafantkonkurransen**.

Frå varden er det svært fin og mektig utsikt – du ser langt vestover mot havet.

Om du vil, kan du **herifrå gå vidare mot Åksla** – følg skilt.

Nede ved **Durmålskard** står det skilt **til Aurdal via Sletthaug** – stien ned er skilta, merka og rydda. Fyrste del av denne stien ned frå Durmålskard er temmeleg bratt.

Fottøy: Gode fjellsko. God tur.

4. Tur til Stemvatnet (500 m o. h.)

Avstand: 4,2 km frå Blikra

Tidsbruk: Omlag 1,5 t å gå opp til vatnet frå Blikra.

Terreng: 2,5 km lang traktorveg med bratte parti opp til **Buskard**. **Sjå info om turen til Brennesteget**. Frå Buskard er det lett å gå innover til Stemvatnet. Nokre våte parti. Følg merkepinnar.

Opplysning: Om den 2,5 km lange traktorvegen opp til Buskar – **sjå info om turen til Brennesteget**. Oppe ved Buskard er det godt skilta og merka sti heilt inn til vatnet. Stien innover går i lett terreng og med fin utsikt ned til bygda. Like før du kjem til elva/bekken som kjem frå Stemvatnet, er det ein stor hidler – **Himmelrikshidleren** – her kan det vera godt å ta seg ein liten pause. Denne hidleren har gitt ly til både folk og fer i ver og vind opp gjennom tidene. Litt lenger oppe kjem du til eit vegskilje der det står skilt **til Vardafjellet og Åksla**. Følg merkepinnane inn til Stemvatnet.

Dette vatnet er drikkevasskjelde for mange i Blikrabygda. Vatnet her renn ned til **småkraftverket på Blikra/Svantesvoll** og gir elektrisk straum til gardane Svantesvoll og Blikra. Her ved vasskanten kan du nyta freden og roen i fjellheimen.

Fottøy: Gode tette sko. God tur.

5. Tur til Døldaren (701 m o. h.)

Avstand: 5,5 km opp til varden

Tidsbruk: Om lag 2 – 2,5 t å gå opp til varden.

Vanskegrad: Blå/raud tur – lang familietur.

Terreng: 2,5 km lang og bratt traktorveg opp til **Buskard (490 m o. h.)** Herifrå og innover mot hytta **Døldarheim** er det forholdsvis lett å gå, men ein del myrlendt.

Frå denne hytta og opp til fjelltoppen **Døldaren** kan det vera noko tungt å gå.

Opplysningar: Om sjølve vegen opp til Buskard – **sjå info om turen til Brennesteget**.

Oppe på Buskard finn du skilt og merkepinnar som syner stien til Døldaren + andre turar. På Buskard er du komen opp på ”høgfjellet” med fjellvegetasjon og dyreliv. Ha augene og øyrene opne, så kan du både sjå og høyra dyre- og fuglelivet i fjellheimen her.

Ved hytta **Døldarheim** må du ta ein god kvild i hytteveggen før du tar siste vegstubben opp til toppen av Døldaren. Hytta er open – inne ligg ei gjestebok på bordet som du kan skriva deg inn i. Stien vidare til Døldaren er godt merka med merkepinnar.

Døldaren er eit flott turmål for folk i Vats og frå Sandeid.

Det er i dette området det blir planlagt vindkraftverk – **Døldarheia vindkraftverk**.

Kva tid dette prosjektet blir bygd ut, er enno uvisst. Dersom vindkraftverket blir bygd, vil det bli store inngrep og endringar i naturen under heile anleggstida og for alltid. Det vil bli store vindturbinar som vil syna over store område, Det vil også bli mange vegar i terrenget. Alt dette vil endra svært mykje i dette fjellområdet på godt og vondt. Det er ulike meiningar om dette prosjektet.

Fottøy: Gode tette sko - helst fjellsko. God tur!